




Stad kommune

Oppstartsmøte reguleringsplanarbeid

Detaljregulering for Stad molo og Leikanger indre hamn



Stad kommune 2022

Arkivsak: 22/10296

Dato: 08.04.2022, rev. 02.05.2022

Innhold

DEL I - OPPSTARTSMØTE – FØREBUING GJENNOMFØRING.....	2
Føremål med møtet	2
Førebuing til møtet.....	2
Gjennomføring av møtet.....	3
DEL II – NOTATMAL FOR OPPSTARTSMØTE	4
1 Oppmøte.....	4
2 Saksnummer og plan-ID.....	4
3 Føremål med planarbeidet	4
4 Planstatus i området.....	8
5 Type plan som er tenkt utarbeidd	9
6 Tilhøvet til overordna plan	9
7 Krav om planprogram og konsekvensutgreiing	10
8 Viktige tema for planen	12
9 Andre tilhøve	12
10 Medverknad	15
11 Oppstart av planarbeid – tilråding frå kommunen	15
12 Krav til utkast til plan	15
13 Gebyr i plansaker	16
14 Stadfesting.....	16
DEL III - VIKTIGE TEMA I PLANEN.....	17
Bygningar og bygningsstruktur.....	17
Grønstruktur og landskap.....	18
Samferdsle.....	19
Born og unge	19
Verneverdige kulturminne	20
Risiko og sårbarheit	20
Nærmiljø.....	21
Helse.....	21
Sjø og vassdrag	22
Kommunaltekniske anlegg	22
Reguleringsføresegner	23
Kart	23
Prosess.....	23

DEL I - OPPSTARTSMØTE – FØREBUING GJENNOMFØRING

Føremål med møtet

Føremålet med oppstartsmøtet er at privat forslagsstillar skal få legge fram sine spørsmål til planarbeidet for kommunen i møte før formell oppstart av planarbeidet.

Planavdelinga kan gjennom møter og annan dialog presisere sine krav til planarbeidet med omsyn til framstilling og gje signal om krav til innhald i planframlegget. Dersom forslagsstillar held seg til krava som vert sett vil han i større grad unngå å få "mangellister" tilbake frå kommunen etter at planforslaget er sendt inn til handsaming.

For å oppnå ein tett dialog anbefaler vi at det vert gjennomført minst eit møte til undervegs i planarbeidet i tillegg til oppstartsmøtet for å avklare eventuelle spørsmål og uklarheiter.

Førebuing til møtet

Forslagsstillar

Privat forslagsstillar må nytte fagkunnig plankonsulent i planprosessen. Fagkunnig plankonsulent skal ha kompetanse til å utarbeide reguleringsplan med tilhøyrande planomtale, plankart og føresegner i tråd med plan- og bygningslova kapittel 12. Denne kompetansen er viktig for å oppnå ein effektiv og god planprosess. Kommunikasjon mellom kommunen og privat forslagsstillar skal gå gjennom plankonsulenten.

Plankonsulenten tek kontakt med kommunen for å avtale oppstartsmøte og sender over informasjon om følgjande før møtet:

1. Bakgrunn og føremål (t.d. type bygg, byggehøgde, omfang og løysing for tilkomst).
2. Planavgrensing, visualisert i kart.
3. Om alle grunneigarane i planområdet er kjent med planane.
4. Om planforslaget vil følgje opp hovudtrekk og rammer i overordna planar som uteoppfallsareal, gang- og sykkelsamband, leikeplassar, overvatn, rekkjefølgjeføresegner og meir.
5. Særskilte moment dei vil kommunen skal gje opplysningar om eller svare på.

Plankonsulent førebur ein kort presentasjon av tiltaket, gjerne med utgangspunkt i strukturen i notatmalen.

Kommunen

Når kommunen har motteke opplysningane frå plankonsulenten skal oppstartsmøtet normalt bli arrangert seinast innan 3 veker. Kommunen skal sende notatmalen over til plankonsulenten slik at han kan førebu seg på den. Ved mindre endring av plan vert det avtalt nærare kva informasjon som er naudsynt i forkant av møtet.

Kommunen bør på førehand førebu seg godt ved å setje seg inn i kjent kunnskap om planområdet, slik at dei så langt som mogleg kan svare på spørsmål om planarbeidet. Kommunen bør på førehand gå gjennom referatmalen og gjere seg opp ei meining om dei enkelte konkrete punkta som står der og kva krav ein vil setje til planarbeidet.

Når planavdelinga / dei som har ansvar for planarbeidet får inn førespurnad frå forslagsstillar må dei informere andre aktuelle kommunale etatar og eventuelt også andre aktuelle offentlige etatar om møtet, samt be om førebelse synspunkt som kan ha verdi for tiltakshavar i det vidare planarbeidet.

Gjennomføring av møtet

I møtet

Forslagsstillar skal møte saman med plankonsulent, jf. krav i plan- og bygningslova om at reguleringsplan skal utarbeidast av fagkunnige. Planavdelinga deltek med leiar og sakshandsamar. I tillegg møter etter behov representantar frå andre kommunale fagetatar. Møtet vert leia av kommunen, og dei har ansvar for at malen vert gjennomgått og at det ein diskuterer vert notert ned. Forslagsstillar informerer om sine planar. Del II «Notatmal for oppstartsmøte» og del III «Viktige tema i planen» vert gjennomgått.

Synspunkt og råd frå planavdelinga er førebelse og som utgangspunkt ikkje avklart politisk.

Planavdelinga skal på slutten av møtet oppsummere om føremålet med planarbeidet og oppstart vert anbefalt av administrasjonen.

Etter møtet

Etter møtet vert notatet sendt til privat forslagsstillar ved plankonsulent for godkjenning. Notatet skal nyttast som grunnlag for eventuelt vidare arbeid med utforming av planen. Det kan kome nye krav i etterkant av oppstartsmøtet, t.d. som følgje av nye opplysningar i saka.

Det kan vere aktuelt med ein felles gjennomgang av planmaterialet før offentleg ettersyn. Eventuelle endringar av plan (plankart, føresegner, planomtale eller annan dokumentasjon) som følgje av offentleg ettersyn skal utførast og dekkjast av forslagsstillar. Ved mindre justeringar av plandokumenta kan det vere aktuelt at kommunen gjennomfører dette. Det vil vere opp til kommunen å vurdere kva som er mindre justeringar.

Politisk godkjenning av planen kan ikkje garanterast sjølv om planen vert utarbeidd i tråd med råd frå kommunen sin administrasjon.

DEL II – NOTATMAL FOR OPPSTARTSMØTE

Om bruk av notatmalen: Alle boksar som berre inneheld informasjon, og ikkje skal fyllast ut, er sett i ein mørkare gråfarge.

1 Oppmøte

Førehandskonferansen er basert på planinitiativ motteke av kommunen:		23.03.2022	
Møtestad:	Teams	Møtedato:	08.04.2022
Deltakarar frå forslagstillar:		Deltakarar frå kommunen:	
Tiltakshavar:		Åse-Birgitte Berstad	
Grunneigar:		Asbjørn Tverberg	
Plankonsulent:	Feste NordØst as v/Anja Øren Ryen (utførande konsulent) Nordplan AS v/Øyvind Sødal (prosjektlear)	Gry Otneim Leikanger Svein Arne Tennebø Fure	
Andre:	Fjordvarme as v/Magne Hjelle	Hanne Marie Utvær Svein Otto Melheim	

2 Saksnummer og plan-ID

Arkivsaknr.:	22/10296
Plan-ID:	Før forslagsstillar varslar oppstart vert planen tildelt ein plan-ID som skal nyttast på alle plandokument. Ved mindre endring vert plan-ID frå gjeldande reguleringsplan nytta.

3 Føremål med planarbeidet

Forslagsstillar sitt føremål med planen/planendringa (bakgrunn og formål):

Tiltakshavar Stad molo as (v/Kenneth Brandal) ønsker å etablere ei indre hamn med ein molo ved Leikanger på Stadlandet, og vil slik leggje til rette for vekst og utvikling. I dag manglar Stadlandet kaier for båttrafikk for alle kategoriar. Eksisterande kaier har ikkje kapasitet til meir bruk. Ein molo vil kome til å bli eit vern mot havet, og motverke at klimaendringane øydeleggjar eksisterande verksemdar og bygningar. Slik vil den gje moglegheit for nye næringar, berekraftig turisme og gi ei trygg hamn for fiskeflåte, nyttefartøy, og båtar nytta til fritid.

Det skal byggast skipstunnel, og sprengmassar herifrå er planlagt nytta for gjennomføring av prosjektet.

Planarbeidet har som formål å:

- Bygga molo som vernar sjølinja ved Leikanger. Denne er i dag utsett for storm og uvær, samt framtidige klimaendringar.
- Legga til rette for offentleg transport via sjøvegen.
- Legga til rette for turisme og næring knyta til sjø.
- *Tilleggspunkt i oppstartsmøtet:* Utvide næringsareal og kaianlegg for næringsformål (utskiping)

<p>Innspel frå kommunen:</p>	<p>Planinitiativet er i samsvar med kommunedelplan sjøområda i Stad, men unntak av området VHS01 Leikanger hamn der det ligg føre motsegn frå Statsforvaltaren. Meklingsmøte med synfaring er planlagt 4. mai.</p> <p>Fagleiar for byggesak gjer merksam på at det er gjeve løyve til kollektoranlegg i sjø for Stad Fjordvarme i planområdet. Merknader frå andre fagpersonar i administrasjonen følgjer av referatet elles.</p> <p>Stad kommune er positive til oppstart av planarbeidet, og viser til følgjande vedtak i kommunestyret:</p> <p>KS-21/015 Vedtak punkt 5:</p> <p><i>Kommunestyret ber Kommunedirektøren snarast starte arbeid med forprosjekt for fleirbrukshamn/kai Leikanger med bruk av tunnelmassar, og forprosjekt for deponiområde på begge sider av tunnelopninga. Kommunestyret ber om ei orientering over framdrift av forprosjektet i neste kommunestyremøte 25 mars.</i></p> <p><i>Vi har henta ut tiltaksanalyse som følgjer som vedlegg til referatet (NB: følgjer avgrensing som vist i planinitiativet, og har ikkje teke med ev. endringar.)</i></p> <p>KS-21/082 Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> <i>1. Stad kommunestyre tek vedlagt sluttrapport knytt til forstudie for fleirbrukshamn/kai på Stadlandet til vitande.</i> <i>2. Stad kommunestyre tilrår at Stad Molo AS føl opp sluttrapporten si anbefaling om å avklare konsept, her under få utarbeidd ein forretnings- og konseptplan inkl. dimensjonering for prosjektet. Stad kommunestyre legg til grunn at dette arbeidet i hovudsak vert utarbeidd og finansiert av Stad Molo AS som prosjekteigar. Viser til sjøarealplanen og KU for prosjektet. Kommunestyret ber om at alternativ moloutforming og vert vurdert.</i> <i>3. Stad kommunestyre ber om at administrasjonen deltek inn i det vidare arbeidet med prosjektet, med sikte på å få avklart kommunen si rolle som hamneutviklar og forvaltningsmynde. Og med sikte på å få avklart Kystverket sine føresetnadar og aktuelle tilskotsordningar for prosjektet. Midlar til slik deltaking og nødvendige utgreiingar vert finansiert gjennom avsett midlar i kommunestyresak KS-21/015.</i> <i>4. Stad kommunestyre vil ta stilling til spørsmålet om endeleg arealbruk og vidare detaljregulering når prosjektet sin arealbruk har vore ute til offentleg ettersyn i samband med kommunedelplanen for sjøområda.</i> <i>5. Stad kommunestyre ber om at Stad Eigedomsutvikling KF går i dialog med grunneigar av ubygd, regulert næringsområde aust for Stad Næringspark/Nedre Sjøstad for å avklare premissane for eventuell overtaking og vidare utvikling av Stad Næringspark.</i> <i>6. Stad kommunestyre ber om at administrasjonen og Stad Eigedomsutvikling KF går i dialog med grunneigarar og utviklarar av næringsområdet på Årsheim, med sikte på å få innsikt i utviklingsplanane og avklare korleis ei</i>
------------------------------	---


utvikling på Årsheim kan komplimentere/sjåast i samanheng med utviklinga av Stad næringspark (ny fleirbrukshamn og ev. utvida næringsområde).

Forslagsstillar sitt forslag til **planavgrensing:**

Ikkje relevant

Forslagsstillar har foreslått å strekke planområdet (figur under) frå næringsverksemda Per Stave AS i nord, til Stad næringspark i søraust. På innsida av moloen ynskjer dei å planlegge fem ulike kaiannlegg. Ei kai/fiskerikai i nordleg del av molo mot Per Stave AS, eit kaiannlegg for hurtigbåt i området hotell/sentrum, og eit turisme/småbåtannlegg i sør- søraustre del av moloen.


Plangrensa på land er foreslått å fylgje vegane, men forslagsstiller ynskjer å diskutere dette med kommunen, og er opne for andre avgrensingar.



Figur 2: Førebels planområde vist med blå strek på kartet. Mogleg plassering av dei ulike kaiene er markert med blå punkt.

Innspel frå kommunen: Stad næringspark på Nedre Sjøstad er ferdig regulert og gjev eit godt grunnlag for realisering av meir næringsareal og gode kaiannlegg. Her er fylt ut i sjø og reguleringsplanen legg til rette for etablering av større kaiannlegg. Utbygging av kaiannlegget er sterkt ønskt av aktørane på næringsarealet, og det er planar om meir utfylling i sjø i tråd med plan, for å få meir næringsareal. Deler av detaljreguleringsplanen for Stad næringspark bør inkluderast i arbeidet med Stad molo for å utvide kai- og næringsareal.

Stad kommune foreslår at planområdet blir justert slik at det omfattar ein del av Stad næringspark, og går inntil plangrensa til detaljreguleringsplan for Leikanger sentrum, som er under planlegging. Sjå omtrentleg avgrensing i kartet under:



Stad kommune ber om at forslagsstiller sender nytt forslag til planavgrensning i pdf og SOSI-fil, slik at kommunen kan kome med tilbakemelding på denne.

Forslagsstiller sitt forslag til **plannamn:**

Ikkje relevant

Detaljregulering for Stad molo og indre hamn ved Leikanger

Innspel frå kommunen: Detaljregulering for Stad molo og Leikanger indre hamn

4 Planstatus i området

Arealbruk i planområdet er regulert av:
<input checked="" type="checkbox"/> Kommuneplanen sin arealdel
<input type="checkbox"/> Områderegulering (pbl § 12-2)
<input checked="" type="checkbox"/> Detaljregulering (pbl § 12-3)
<input type="checkbox"/> Reguleringsplan etter eldre plan- og bygningslov (pbl85 eller eldre)
<input type="checkbox"/> Utbyggingsplan etter eldre plan- og bygningslov (pbl85 eller eldre)

Tilhøvet til andre planar:	
<input checked="" type="checkbox"/> Planen vil heilt /delvis erstatte følgjande planar:	<input type="checkbox"/> Ikkje relevant
Erstattar delvis detaljreguleringsplan for Stad næringspark	
<input checked="" type="checkbox"/> Planen vil heilt/delvis grense til følgjande planar:	<input checked="" type="checkbox"/> Ikkje relevant
Detaljreguleringsplan for Leikanger sentrum (som vil erstatte fem eldre planar)	
<input type="checkbox"/> Kommunen kjenner ikkje til anna planarbeid i området	
<input checked="" type="checkbox"/> Kommunen kjenner til følgjande planarbeid i området:	
Detaljreguleringsplan for Leikanger sentrum , pågåande reguleringsplanarbeid v/Stad kommune. Prosjektlear i Stad kommune er Gry Otneim Leikanger. Plankonsulent er Nordplan AS v/Heidi Hansen og Birgit Hamre Moe.	
Sjå plandokument frå 2. offentleg ettersyn her: https://stad.kommune.no/innsyn.aspx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2021003462&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=2652&	
Planforslaget skal sendast til avgrensa høyring til Statsforvaltaren og NVE for å lukke motsegner i løpet av april/mai. Slutthandsaming i juni 2022 dersom motsegner blir trekt.	
Statsforvaltaren har mellom anna motsegn til bruk av underformålet <i>ferdse</i> i Bruk og vern av sjø og vassdrag. Dei meiner underformålet <i>natur- og friluftformål</i> må nyttast der det ikkje er planlagt konkrete tiltak ved kaier, småbåthamn o.l. Mindre kaier ved Stad hotell, fru Inga og Bjørlykkekaia er godkjende. Fråsegna frå Statsforvaltaren til 2. gongs offentleg ettersyn kan finnast her .	
Det bør vere eit vilkår i detaljreguleringsplan for Stad molo og Leikanger indre hamn at moloar i planen for Leikanger sentrum kan gjerast om til flytebrygge eller tilsvarande lettare konstruksjonar dersom Stad molo blir etablert.	

5 Type plan som er tenkt utarbeidd

Reguleringsplan etter plan- og bygningslova:		
<input type="checkbox"/> Områderegulering		
<input checked="" type="checkbox"/> Detaljregulering		
Endring av:		
<input type="checkbox"/> Områderegulering		
<input type="checkbox"/> Detaljregulering		
<input type="checkbox"/> Reguleringsplan etter eldre plan- og bygningslov		
<input type="checkbox"/> Utbyggingsplan etter eldre plan- og bygningslov		
Mindre endring av:	Plankartet	Føresegnene
<input type="checkbox"/> Mindre endring av områderegulering	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/> Mindre endring av detaljregulering	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/> Mindre endring av reguleringsplan etter eldre plan- og bygningslov	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/> Mindre endring av utbyggingsplan etter eldre plan- og bygningslov	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Ved endring av reguleringsplan gjeld same reglar som for utarbeiding av ny plan, jf. pbl. § 12-14. Ved endring av eldre planar må planen oppdaterast i tråd med ny planlov.		
Ved mindre endring vil berre delar av punkt 6 til 12 vere relevant.		

6 Tilhøvet til overordna plan

Samsvar med overordna plan:			
Planformålet samsvarar med overordna plan	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Ikkje relevant
Innspeil frå kommunen:			
Kommunedelplan for sjøområda vart vedteken 16. januar 2022. Det føreligg motsegn frå Statsforvaltaren til område VHS01, og kommunen har bedt om om mekling for dette området. Med grunnlag i dette er planinitiativet ikkje i samsvar med overordna plan. Meklingsmøte med synfaring er planlagt 4. mai. Følgjande står i saksframlegget til vedtak i kommunestyret:			
<u>VHS01 Leikanger hamn</u>			
Med tilvising konsekvensutgreiinga, om negative verknader og med tilråding om vesentleg reduksjon, fremjar statsforvaltaren motsegn mot VHS01 slik planen no ligg før.			

Kommunedirektøren si vurdering: Kommunen vil vurdere avgrensing av området, og **ber om mekling**.

Andre føringar i kommunedelplan for sjøområda:

Søknadsplikt etter hamne- og farvasslova og etter forureiningslova

Alle tiltak/byggearbeid i sjø, inkludert mudring og dumping, krev handsaming etter hamne- og farvasslova og etter forureiningslova.

Marint biologisk mangfald:

Ved detaljregulering og søknadspliktige tiltak i og ved sjø, som mellom anna sprenging nær sjø og utfylling i sjø, er det krav om utgreiing om marint biologisk mangfald. Det skal setjast inn avbøtande tiltak for å ivareta det marine biologisk mangfaldet under utbygging og etterpå.

Lenke til planen: <https://stad.kommune.no/politikk-og-organisasjon/innsyn/kunngjeringar/kommunedelplan-for-sjoareal-i-stad-kommune-2022-2032-kunngjering-av-planvedtak.9107.aspx>

Innhaldet i private detaljreguleringsplanforslag må følgje opp hovudtrekk og rammer i kommuneplanens arealdel og områderegulering. Ved vesentlege avvik gjeld krava i pbl. §§ 4-1 og 4-2 andre ledd. (jf. pbl. § 12-3)

7 Krav om planprogram og konsekvensutgreiing

Avklaring av behov for planprogram og/eller konsekvensutgreiing:

<input type="checkbox"/>	Det må utførast ei nærare vurdering av om planen vil få vesentlege verknadar for miljø og samfunn og dermed utløyer krav om konsekvensutgreiing , jf. pbl. § 4-2. Denne vurderinga skal utførast i tråd med konsekvensutgreiingsforskrifta kapittel 2.
<input type="checkbox"/>	Det må utførast ei nærare vurdering av om planen vil få vesentlege verknadar for miljø og samfunn og dermed utløyer krav om planprogram , jf. pbl. § 4-1. Denne vurderinga skal utførast i tråd med konsekvensutgreiingsforskrifta § 10.
<input checked="" type="checkbox"/>	Planen utløyer krav om planprogram , jf. pbl. § 4-1.
<input checked="" type="checkbox"/>	Planen utløyer krav om konsekvensutgreiing , jf. pbl § 4-2 og KU-forskrifta kapittel 2.
<input type="checkbox"/>	Ikkje relevant, jf. punkt 6.

Innspel frå kommunen:

Forslagsstillar har i planinitativet kome til konklusjonen at det ikkje er krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutredningar, med bakgrunn i at planarbeidet er i samsvar med overordna plan. Dei foreslår at det blir utarbeidd eit planprogram som leggst på høyring samen med varsling om oppstart av detaljregulering for Stad molo og indre hamn ved Leikanger, og skisserer at planprogrammet vil innehalde fylgjande utredningstema:

- Nærmiljø og friluftsliv.
- Landskapsbilde.
- Naturverdiar/naturmangfald (marine ressursar og biologisk mangfald).
- Næringsliv; Reiseliv, fiskerinæring, marin næring og industri.
- Vasskvalitet og vassutskifting.

Forslagsstillar ønskjer å vurdere og omtale desse tema i planomtalen, som skal følgje forslag til reguleringsplan når han vert sendt til handsaming.

Stad kommune si vurdering:

Stad kommune v/plan og forvaltning har gjort ei vurdering av KU-plikta og kome fram til at det er krav om konsekvensutgreiing med planprogram. Følgjande er lagt fram for plankonsulent i oppstartsmøtet, som er samd i kommunen si vurdering:

Jamfør punkt 6 i referatet er området VHS01 i kommunedelplan for sjøområda i Stad kommune ikkje endeleg vedteke, og det er planlagt meklingsmøte 4. mai. Det er kravd at tiltaket skal reduserast vesentleg for at Statsforvaltaren skal trekke motsegna. Tiltaket som går fram av planinitiativet er ikkje vesentleg redusert. *Forskrift om konsekvensutredningar* §§ 6 b) og 8 a) seier at det kan gjerast unntak der det konkrete tiltaket er konsekvensutgreidd i ein tidlegare plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidlegare planen. Planinitiativet kan ikkje seiast å vere i samsvar med overordna plan, og planen er dermed ikkje unntekte krav om konsekvensutgreiing.

I konsekvensutgreiing av arealformålet *VHS01 Leikanger hamn* i Kommunedelplan for sjøområda er det konkludert med at det er manglande kunnskapsgrunnlag knytt til marint naturmangfald, og at tiltaka kan få vesentleg verknad for naturmangfald, landskap, friluftsliv/nærmiljø, forureining og vassmiljø:

«Konsekvensutgreiinga viser at tiltaket gir verknad for marine ressursar, landskap og nærmiljø.

Det ligg ikkje føre tilstrekkelege data for marint biologisk mangfald for området. Tiltaket sitt store omfang med fylling over store areal, og manglande kunnskap/data om marint mangfald gjer det vanskeleg å vurdere konsekvensane for livet i havet.

Ein samanhengane molo på ca. 1,2 km lengde vil gje dramatisk endra landskapsbilde. Molen vil bli svært dominerande i det opne fjordlandskapet. Bygda blir ramma inne av moloen og får i stor grad redusert visuell opplevingsverdi i forhold til i dag. Bygda er del av turistsatsing Vestkapp, og visuell verdi er ein del av reiselivsproduktet.

Omfanget på moloen bør reduserast vesentleg. Konsekvensar for marint biologisk mangfald og fiskeinteresser, visualisering av landskapsverknad, verknad for nærmiljø, og konsekvens for vassutskifting i indre hamnebasseng må kartleggast nærare.»

Følgjande er opplyst om storleik på moloen i planinitiativet:

«Moloen er planlagt som fylling, omlag 180-200 meter ut frå land på ca. kote -21 (fig. 8). Kvar molodel er på ca. 600 meter. Totalt ca. 1,2 km. lang, og med ein breidde på 3,5-4,0 m. Til samanlikning er Noregs lengste molo 1,1 km i følgje Kystverket. Fyllinga vil krevje om lag 1,3 mill. m³ sams masse. Biltilkomst til moloen vil skje via Stad næringspark og ved Per Stave AS på Stave. Fylling av moloen vil sannsynlegvis skje frå båt, frå sjøsida.»

Følgjande punkt i KU-forskrifta sitt vedlegg I vil vere relevant for planarbeidet:

8. b) Nyetablering av farleder, havner og havneanlegg, der skip på over 1 350 tonn kan seile og anløpe.

Følgjande punkt i KU-forskrifta sitt vedlegg II vil vere relevant for planarbeidet:

10 e) ii. Bygging av havner og havneanlegg, herunder fiskehavner og offshorerelaterte havner

iii. Utvidelse eller vesentlig endret bruk av eksisterende farleder.

10 k) Bygging av erosjonsforebyggende kystanlegg og vannbygging til sjøs som kan medføre endringer av kysten, f.eks. diker, moloer, sjeteer og andre bygg til vern mot havet, bortsett fra vedlikehold og gjenoppbygging av slike anlegg.

11 k) Deponier for masse på land og i sjø større enn 50 dekar eller 50 000 m³ masse.

I tillegg vil fleire av punkta i forskrift om konsekvensutredningar § 10, 3. ledd vere relevante, mellom anna truga artar og risiko for vesentleg forureining eller klimagassutslepp. Tiltaka kan dermed føre til vesentlige verknader for miljø eller samfunn, jf. KU-forskrifta § 10.

Plan og forvaltning i Stad kommune konkluderer med at det er krav om konsekvensutgreiing og planprogram i samsvar med KU-forskrifta § 6 b).

I tillegg til null-alternativet bør det greiast ut eit reduisert alternativ.

Tema i konsekvensutgreiinga skal gå fram av planprogrammet når oppstart av planarbeidet blir varsla, men bør minimum dekke følgjande tema:

- Naturmangfald/biologisk mangfald, inkl. marint naturmangfald
- Landskapsbilde
- Nærmiljø og friluftsliv inkl. allmenne interesser i strandsona
- Vassmiljø, inkl. vasskvalitet og vassutskifting
- Forureining
- Næringsliv, inkl. reiseliv, fiskerinæring, marin næring og industri

8 Viktige tema for planen

Forslagsstillar er gjort kjend med kva krav til kunnskapsgrunnlag og utgreiingar kommunen set for det vidare planarbeidet. Forslagsstillar er òg gjort kjend med kommunens råd til planarbeidet.

Kommentar: Sjå del 3 for utfyllande detaljar.

I etterkant av møtet sender kommunen utfyllande informasjon til forslagsstillar om viktige tema for denne planen. T.d. link til fagsider om ulike tema.

Kommunen sender:

9 Andre tilhøve

Tilhøvet mellom plan og offentlege anlegg:

Tiltaket føreset utbygging / utbetring av det kommunaltekniske anlegget

Tiltaket utløyser krav om utbyggingsavtale

Ikkje relevant

Innspel frå kommunen:

Uttale frå Kommunalteknikk VAO:


For vatn, avløp og overvatn bør kommunen sin VA-norm følgjast. Kommunen sender over denne.

Vatn: Er det behov for sløkkevatn (hydrantar), vatn til (fiske)industri eller vassforsyning til båtene? Leikanger (Fløde vassverk) har begrensa kapasitet no, med problem med frost og tørkeperioder på sommaren. Kommunen jobbar med løysingar for utbetre kapasiteten.

Avløp: Kommunen har fleire utsleppsledningar som går ut i sjøområdet. Desse må truleg forlengast så dei kjem ut av hamneområdet. Fleire av ledningane er markert på kart i gult. (NB: Ikke alle er markert på kartet og markering er unøyaktig). Dersom dei etablerer arbeidsplassar og/eller industri må dei søke om løyve til utslepp etter ureiningslova og etablere slamavskillar/minirensanlegg som er tilknytt det kommunale systemet.

Overvann: Det er fleire utsleppsleidningar som må takast omsyn til i prosjekteringa. Desse er markert med grønt i kartet under.

Det er truleg også mange private leidningar i planområdet. Ved spørsmål kan de ta kontakt med Koen Vanacker (koen.vanacker@stad.kommune.no).



Uttale frå Kommunalteknikk veg:

Dersom det skal byggast nye offentlege vegar, så bør ein legge til grunn Statens vegvesen sine [håndbøker for vegutforming](#). Dersom Stad Molo skal eige og drifte områder så bør vegar innanfor aktuelle områder vere private fellesvegar tilhøyrande Stad Molo eller andre selskap.

På reguleringsplanen må ein ta med avkøyrsløyper på reguleringskartet, jamfør søknader om avkøyrsløyver der dette manglar på reguleringskart.

Tilhøvet mellom plan og eigedomsgrenser / kartgrunnlag:

- Tiltaket utløyer krav om ny kartlegging i området
- Tiltaket utløyer krav om klarlegging av eigedomsgrenser

- Kart er av tilstrekkeleg kvalitet
- Eiegdomsgrenser er av tilstrekkeleg kvalitet
- Ikkje relevant

Innspel frå kommunen:


Uttale frå fagleiar for kart og oppmåling:

Der grensa er skildra med for dårleg kvalitet og planavgrensing skal følgje eigedomsgrensa må grensene gjennom ei klarlegging. Innanfor planområdet er det også ei og anna grense som har dårleg kvalitet.

Dersom formålsgrenser blir lagt til å fylgje eigedomsgrenser med dårleg kvalitet bør desse grensene også klarleggast på førehand.

Det er fleire grenser i kommunen sitt innspel til planavgrensing som har dårleg kvalitet, jf. kartet under:

1. Heilt i nord, grensa mellom gbnr. 225/1 og gbnr. 255/2.
2. Eiegdomsgrensa mellom gbnr. 225/6 og gbnr. 225/11 er av dårleg kvalitet. Vidare nordover langs vegen frå denne er grensa av dårleg kvalitet.
3. Her er det dårleg kvalitet på eigedomsgrensa mellom gbnr. 223/7 og gbnr. 223/5.
4. Her er det dårleg kvalitet på grenselinje mellom gbnr. 223/3 og 224/7.
5. Dårlig kvalitet på grensa mellom gbnr. 223/5 og gbnr. 223/1 som planavgrensinga føl.



10 Medverknad

I etterkant av møtet sender kommunen utfyllande informasjon om viktige interessantar i plansaka til forslagsstillar. Døme på viktige interessantar er offentlege instansar, lokale instansar, kommunale instansar, grunneigarar, andre rettslege heimelshavarar, eventuelt naboar og andre.

Innspel frå kommunen:

Offentlege instansar, straumleverandør, bedrifter m.m.:

Statsforvaltaren, Vestland fylkeskommune, Statens vegvesen, NVE, Kystverket, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet, Linja AS, Fjordvarme as.

Frivillige organisasjonar:

Stadlandet Idrettslag, stil@stadlandetil.no
Stadlandet grendahus c/o Renate Rødseth Hjelle
Stadlandet ungdomslag c/o Margit Hamre Fløde
Stadlandet båtlag c/o Ronny Hatlelid
Barnas turlag Stadlandet c/o Rebekka W Hauge

Grunneigarar, naboar, gjenbuarar:

Kommunen sender nabo- og grunneigarliste etter at vi har motteke SOSI-fil med planavgrensing for det området det skal varslast oppstart for.

11 Oppstart av planarbeid – tilråding frå kommunen

Kommunen tilrår oppstart av planarbeidet under føresetnadane som er nemnt i notatet.

Kommunen tilrår ikkje oppstart av planarbeidet.

Grunngjeving frå kommunen:

Administrasjonen tilrår å setje i gang ein planprosess.

12 Krav til utkast til plan

Kommunen vil sjekke om utkast til plan er av god nok kvalitet til å ta opp til vidare politisk handsaming. Det er ikkje kommunen si oppgåve å oppgradere eit for dårleg utkast til god nok kvalitet. Om den ikkje stettar krava til kvalitet vil tiltakshavar sin konsulent få attendemelding om å utbetre manglar i utkastet.

Krav til utkast til plan er å finne i kommunen sin kravspesifikasjon (utarbeidd med heimel i *forskrift om tidsfristar etter plan- og bygningslova*, § 1, del IV)

Etter møtet sender kommunen forslagsstillar utfyllande informasjon om gjeldande kravspesifikasjon

13 Gebyr i plansaker

Forslagsstillar er gjort kjend med kommunale handsamingsgebyr, og med tidspunkt for fakturering. Kommunale handsamingsgebyr skal sendast til:

Stad Molo v/Kenneth Brandal

Stad kommune sine gebyr er samla i eit dokument «Gebyr- og betalingsssatsar for Stad kommune 2022». Gebyra vert revidert årleg. De finn kommunale sakshandsamingsgebyr ved å klikke på lenka under.

<https://stad.kommune.no/sjolvbetening/gebyr-og-betalingsssatsar/>

I etterkant av møtet sender kommunen forslagsstillar utfyllande informasjon om gjeldande gebyrregulativ og gebyr i plansaker.

14 Stadfesting

Notatet frå førehandskonferansen skal hjelpe fagkyndig plankonsulent i å utarbeide eit planforslag i tråd med kommunen sine forventningar. Verken førehandskonferansen eller notatet gjev rettar ved vidare handsaming av plansaka.

DEL III - VIKTIGE TEMA I PLANEN

Fagetatens kommentarar til aktuelle fagtema

Med fokus på tema der fagetaten har konkrete krav eller anbefalingar, er skeptisk eller tema som krev utgreiingar eller avklaringar. Liten skrift i parentes er **døme** på tema / vurderingar som kan kommenterast nærare i merknadskolonnen.

<u>Føremål</u> (er areal og lokalisering eigna for føremålet?) Det bør gjerast ei tydeleg behovsvurdering i planen som ligg til grunn for dei føreslegne tiltaka.
Generelle vurderingar (framtidig utvikling av området, infrastruktur, grønstruktur, senterområde, områderegulering) Stad kommunen tilrår at forslagsstillar har størst fokus på utvikling av næringsområde.
<u>Alternativ</u> (tilkomst, føremål, bygnadsstruktur, lokalisering) Konsekvensutgreiinga bør greie ut eit <u>reduisert alternativ</u> til molo, i tråd med motsegn frå Statsforvaltaren til område VHS01 i kommunedelplan for sjøområda.

Plantema

I kolonnene under «Aktualitet» har vi sett opp om tema er aktuelt eller ikkje.

Bygningar og bygningsstruktur	Aktualitet		Merknad
	Aktuelt	Ikkje aktuelt	
Bygningar og byform	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Må ta omsyn til eksisterande bebyggelse, utsikt mot sjø m.m.
Arkitektur, estetikk og kvalitet (form, struktur, funksjon, uttrykk, tilhøvet til staden, landskapet og strøkskarakteren)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Viktig at det vert sikra god arkitektonisk kvalitet. Leikanger er eit ope landskapsrom med eit stort visuelt influensområde.
Bygningsstruktur	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
Utnyttingsgrad og byggehøgder (gjeldande planar, presedens) Om ein ønskjer detaljerte føresegner knytt til takvinkel, storleik, utsjånad, høgde og liknande bør desse ta høgde for framtidige endringar.	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Må sjåast i samanheng med gjeldande reguleringsplan for Stad næringspark
Fjernverknad	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Landskapsverknad må inngå i konsekvensutgreiing.

(plassering i terreng, terrengformasjonar)			
Lokalklima (vind, sol, terrengdrag)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Må dokumentere behovet for etablering av molo.
Energiløysingar (fjernvarme, passivhus, plusshus, takform, beliggenheit)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Fjordvarme Landstraum på kai for større båtar (avgrensa til storleik hurtigrute?)

Grønstruktur og landskap	Aktualitet		Merknad
	Aktuelt	Ikkje aktuelt	
Landbruk (areal i drift, kjerneområde, potensial)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Fulldyrka areal på 21.4 lengst i sør er i gjeldande reg.plan for Stad næringspark regulert til næring. Her er det aktuelt med tilbakeføring til landbruksformål.
Biologisk mangfald (skal kommenterast i alle saker, jf naturmangfaldlova)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Kunnskapsgrunnlaget (§ 8 i naturmangfaldlova) må vurderast, saman med resten av dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (§§ 9-12, jf. nml § 7). Konsekvensar for naturmangfald på land og i sjø, også knytt til sjøfugl (fleire truga fuglearter, jf. Artskart). Temaet må inngå i konsekvensutgreiing. I kommunedelplan for sjøareala i Stad kommune pkt. 1.5.2 er det sett krav om utgreiing av marint biologisk mangfald for område med utfylling i sjø. Det skal setjast inn avbøtande tiltak for å ivareta det marine biologiske mangfaldet under utbygging og etterpå. Undersøkingar må utførast av fagkyndige.
Grønstruktur	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Hovudsakleg aktuelt innanfor detaljreguleringsplan for Leikanger sentrum.
Friluftsliv (dagens bruk, potensial, stiar, grøntkorridor)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Allmenne interesser knytt strandsona, Temaet må inngå i konsekvensutgreiing.
Landskap	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Vurdering av fjernverknad og konsekvensar for landskap må gjerast

(naturlandskap, hovuddrag, fjernverknad)			greie for. Temaet må inngå i konsekvensutgreiing.
Terrengbehandling og massebalanse	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Planen må gjere greie for massebalanse, mottak av masse
Uteopphaldsareal (felles, privat, mengde, areal, kvalitet, plassering i feltet)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	

Samferdsle	Aktualitet		Merknad
	Aktuelt	Ikkje aktuelt	
Trafikk (Tryggleik, framkome, vegstandard, tilkomst, stigning, tilgjenge til kollektivtransport)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Det er bygd ny tilkomstveg til Stad næringspark. Krysset er dimensjonert etter N100. Det må gjerast greie for korleis trafikken skal førast til moloen. Kollektivtransport og gangtrafikk: Ny infrastruktur i tilknytning til reiseliv og kaianlegg?
Parkering (behov, kommunal norm, kantparkering, soneparkering, kommunale parkeringskrav)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Relevant når det gjeld næringsområde og småbåthamn. Må halde seg til gjeldande føringar i kommuneplan.
Gang- og sykkeltrafikk (skuleveg, snarvegar, tverrsnitt, sykkelparkering)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gang- sykkeltrafikk til kaianlegg, reiseliv.

Born og unge	Aktualitet		Merknad
	Aktuelt	Ikkje aktuelt	
Skule og barnehage (tiltakets verknad på kapasitet)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Born og unges interesser	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Skal kommenterast i alle saker.

(barnetråkk, dagens bruk, potensial, erstatningsareal)			
--	--	--	--

Verneverdige kulturminne	Aktualitet		Merknad
	Aktuelt	Ikkje aktuelt	
Kulturminne (enkeltobjekt, bygningar, anlegg, steingard, vegfar, teknisk, industrielt, automatisk freda)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Må avklarast med fylkeskommunen på eit tidleg stadium i prosessen. Ev. marinarkeologisk undersøking må avklarast fylkeskommunen og Bergens Sjøfartsmuseum. Marinarkeologisk undersøking er utført i samband med Reed-støda, Stad næringspark og Leikanger sentrum.
Kulturmiljø (der kulturminne inngår i ein større heilskap, bygningsmiljø)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Kulturlandskap	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Nærleik til kulturlandskap av nasjonal interesse, Stadlandet.

Risiko og sårbarheit	Aktualitet		Merknad
	Aktuelt	Ikkje aktuelt	
Risiko og sårbarheit (særlege ROS-tema, sjå FK rettleiar for utarbeiding av reguleringsplan)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Eksplisjonsfare knytt til drivstoffanlegg? (knytt til eksisterande anlegg og eventuelle interesserte verksemder). Viktig å kartlegge storleik på tankar. Er det aktuelt med hydrogen?
Forureining (luft, grunn, vatn)(gjeldande forskrifter må leggjast til grunn)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Krav knytt til massar må avklarast mot Kystverket og Stad skipstunnel.
Støy (sone, type, skjerming)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	

Geotekniske tilhøve (ras, skred, fundamentering)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Store deler av området ligg under marin grense. Utført geotekniske undersøkingar i sjø og på land (kvikkleire, fare for marint skred). Er desse dekkande for heile planavgrensinga? Må sjekke opp mot avgrensing og eventuelt bestille supplerande undersøkingar.
Flaum (lavtliggande område, elv /bekkefar)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Havnivåstigning og stormflo: Generelle krav i KDP sjøområda
Lokalklima	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	

Nærmiljø	Aktualitet		Merknad
	Aktuelt	Ikkje aktuelt	
Nabotilhøve (sol, utsikt, innsyn)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Utsikt, lys på båtar/kaiområde (blending)
Levekår (storleik på leilegheiter, bukvalitet, minimumsløysingar, avbøtande tiltak)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Tilføre nærmiljøet nye / betre kvalitetar (mangelfulle kvalitetar, grønstruktur, gang- og sykkeltilknytning, støyskjerming, trafikktryggleik)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Fleire tema aktuelle
Bygge- og anleggsperioden (støy, trafikksikkerheit, riggområde)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Støy og trafikktryggleik i anleggsperioden må omtalast i planen.

Helse	Aktualitet		Merknad
	Aktuelt	Ikkje aktuelt	
Universell utforming	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Krava i TEK17 og Norsk standard gjeld.

(Stigning, tilpassa bueiningar)(krava i TEK17 og Norsk standard gjeld)			Viktig i tilknytning til reiselivsaktivitet.
Kriminalitetsførebyggande omsyn (potensielle gjerningsstader, lyssetjing, oversiktlege og inkluderande bumiljø)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Folkehelse (beskytte mot risikofaktorar og fremme faktorar som verkar positivt på helse og livskvalitet, motverke helseskilnader)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Skal omtalast i alle saker.

Sjø og vassdrag	Aktualitet		Merknad
	Aktuelt	Ikkje aktuelt	
Vassdrag (byggegrense, bekk / elv, nedslagsfelt)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Fleire bekkar med utløp i sjø. Må sikrast som natur- og friluftsområde i plan (med buffersone).
Sjø (byggegrense)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Byggegrense mot sjø må fastsettast i plan – jf. pbl § 1-8 og Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
Sjøfront (offentleg tilgang, minimum byggehøgde)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Viktig å sikre offentleg tilgang til sjøfront. Eventuell avgrensa tilgang til næringsareal eller moloar må vurderast dersom det er sikkreheitsmessige årsaker til at det ikkje lar seg gjennomføre.

Kommunaltekniske anlegg	Aktualitet		Merknad
	Aktuelt	Ikkje aktuelt	
Vatn og avløp, overvasshandtering (uttale frå VA-etaten)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Sjå uttale frå eining for kommunalteknikk VAO i kap. 9.
Renovasjon (teknisk løysing, lokalisering)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	

Kommunal overtaking tekniske anlegg	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
-------------------------------------	-------------------------------------	--------------------------	--

Reguleringsføresegner	Aktualitet		Merknad
	Aktuelt	Ikkje aktuelt	
Rekkefølgekrav (aktuelle, sannsynlege)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Rekkefølgekrav knytt til VAO? Vidareføre eventuelle rekkefølgekrav i reguleringsplan for Stad næringspark
Utbyggingsavtalar (pågåande arbeid)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Veg og infrastruktur for VAO

Kart	Aktualitet		Merknad
	Aktuelt	Ikkje aktuelt	
Kartgrunnlag (koter, eigedomsgrenser, bygnad)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
Eigedomstilhøve (uklare grenser, eigartilhøve, kartforretning)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Sjå uttale frå fagleiar for kart og oppmåling i kap. 9.
Planavgrensing (tilgrensande planar, vegar, vegkryss, ubygde tomter, heile delområde)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Sjå kap. 3 og 4.

Prosess	Aktualitet		Merknad
	Aktuelt	Ikkje aktuelt	
Behov for tiltak utover lovens minstekrav (høyringsinstansar, interessegrupper, infomøte eller annan medverknad)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Viktig med god informasjon fortløpande. Bør haldast informasjonsmøte og dialogmøter med enkelte

			interessegrupper, der kommunen blir invitert til å delta.
Planprosess og undervegs møte	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<p>Planprogram: Forslagsstillar varslar om oppstart av plan innan utgangen av april og legg samstundes planprogrammet ut til høyring i minst 6 veker. Kommunen ber om at forslagsstillar sender utkast til planprogram og ny planavgrensing slik at kommunen kan gi tilbakemelding før varsel om oppstart.</p> <p>Etter at planprogrammet har vore på høyring vil vi legge det fram som ei sak for Utval for areal og eigedom, som skal fastsetje planprogrammet. Aktuelt møte for vedtak av planprogram er 6. september. Plan og forvaltning må då ha tilsendt planprogrammet innan 16. august.</p> <p>Det kan gjennomførast møte mellom forslagstillar og kommunen etter gjennomført varsel om oppstart og høyring av planprogram for å gjennomgå innspela.</p> <p>Forslagsstillar er ansvarleg for å oppdatere planprogrammet og å innarbeide innspela i planen.</p> <p>Planforslag: Kommunen må få tilsendt planforslaget seinast tre veker før politisk møte for å kunne fremme saka på førstkommande møte. Sjå Stad kommune si heimeside for møteplan i Utval for areal og eigedom.</p> <p>Kommunen samanstillir innspela etter offentleg høyring og ettersyn og gjev sine merknadar til innspela.</p> <p>Forslagsstillar er ansvarleg for å oppdatere plandokumenta.</p> <p>Det kan gjennomførast møte med gjennomgang av planomtale og føresegner før politisk behandling.</p>
Parallell sakshandsaming (jf. pbl §§ 1-7, 12-15 og 21-4)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Det er ikkje komme ønskje frå forslagsstillar om parallell sakshandsaming.